

# HYRDINGEN



NR. 5

Oktober 2018

ÅRGANG 60

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**3.klassingar på gardsbesøk**

Sjå side 7

Presten har ordet	2
Redaksjonspennen	3
Litt færre gudstenester i Vats, Skjold og Vikebygd	3
Trusopplæringsprisen i Vindafjord tildelt Oskar Feed	4

Mi kyrkjebok	5
Barokk-musikk i kyrkjene	5
Portrettet: Steinar Sørhus	6
3.klassingar på gardsbesøk	7
Min Song	8

Møte og arrangement	9
Frå kyrkjeboka	9
Gudstenester	10
Elieserhelg i Haraldseidvågen	10
Møte og arrangement	11
Misjonsstafetten	12



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Skjold**

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,

Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### **Haugaland prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

Prostiprest Sigfred Sørensen:

Mobil: 488 90 359

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknerådsleiarar:**

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

## **Presten har ordet**

Av sokneprest Harald Eintveit



# **Rik og rik, fru Blom!**

#### **Les Mark. 10,17-27**

«If I were a rich man», lydde ein slager på Ønskekonserten for tiår sidan. «Om eg var ein rik mann.» Dette er framleis gjennomgangs-melodien ved det påtrykk av informasjon og reklame me dagleg vert utsette for gjennom våre massemedia. I desse Lotto-millionære tider som eggjar folk flest til å hengja seg på pengekarusellen, er det vanskeleg for den mest nøkterne til ikkje å verta riven med i pengesugget. «Om eg var ein rik mann.» Slik tenkjer og drøymer me. Rik på pengar, eigedom og alt anna jordisk velvere. Då skulle eg fått det betre!

På nettet finn eg omtale av cruise-skipet «The World». Det inneholder m.a. golfbane, symjebasseng, spa, tennisbane, løpebane, danseskule, casino. Talet på husvere er 165. Av desse er 106 romslege private husvere, 19 studio kan kjøpast og 40 studio er til leige. Saftige saker! Jo, det kriblar i oss, og på ein måte synest eg ikkje dette er så rart. Mange av oss har vakse opp under karrige kår. Inntekta til foreldra våre rakk ikkje lenger enn til å dekka dei mest grunnleggjande behov som mat og klede, hus og heim med vanleg utstyr. Noko luksusliv vart det aldri høve til, om det skulle vera målet.

For mange i dag synest dette å vera målet. Materiell velstand og overflod fer av med mange. Flotte villaer, hytter og hus i millionklassen, storstilte ferie- og fritidsbåtar med topp utstyr. Ingen tvil om at dagens velstand forkynner at du bør ha det like luksuriøst du også, velstanden preikar kjøtets lyst og påverkar oss til tusen.

I tillegg kunne eg ikkje unngå å lesa feite overskrifter i Haugesunds Avis i sommar, om at Haugalandet med Åkrafjorden som den mest populære destinasjonen (det forstår eg forsten svært godt), venta i overkant av 10 000 passasjerar. Aldri før har det kome fire store cruiseskip på ei veke, og aldri før har det kome så mange turistar med båt. Talsmannen for Destinasjon Haugesund & Haugalandet fortel om oppglødde turistar i og langs fjorden ved bratte fjell og spektakulære Langfoss. Ikkje mindre enn nesten 7000 lunsjar i året vart serverte til crui-

seturistar på ulike stader ved Åkrafjorden.

Kva er drivkrafta hjå alle som satsar så storslagt på denne turismen? Og kva er det hjå turistane, som gjer desse opplevelingane mogeleg? Er det ikkje pengar, profitt og materiell rikdom? Og dette skjer utan særskilde alvorstankar om dei tome kyrkjebenkene både her og der!

Lat det vera sagt med ein gong: Kaksen i teksten er eigentleg ein heiderleg og nyttig mann i samfunnet. Han har sans for Guds livslover og lever, slik me får inntrykk av det, i gode relasjonar til sine medmenneske. Dette verdset Jesus med venleg merksemrd. Likevel er det ein ting som manglar, nemleg målet som alle einskildbod siktat mot! «Du skal elska Gud av heile ditt hjarte...». Den dimensjonen ser ut til å mangla. Det finst berre ei kjelde for livets normer, og det er Gud. Berre ein er Far. Hjarta til rikingen er bunde til materielt avguderi og dette ømme punktet må Jesus setja fingeren på.

Det kan vera lurt å kasta eit blikk på Jesus. Korleis er han? Jo, han er fri i tilhøve til det materielle. Han har ingen ting å syna til av materiell velstand og jordisk fascinasjon. «Revane har hi og fuglane har reir, men Menneskesonen har noko noko å kvila hovudet sitt på.» Tenk det! Ingenting å syna til! Berre seg sjølv!

Jesus forkynner likevel ikkje noko fattigdomsideal, sjølv om han ikkje er bortskjemd med overdådig velstand. Han forbyr ikkje mennesket å ha eigedom. Han kan nyta og glede seg over livets goder og gåver. Men han er klår over føren for mennesket til ikkje å sjå samanhengen, slik at det dyrkar skapning, skaparverk og materiell fascinasjon i staden for Skaparen. – Når dette skjer, vert mennesket ufritt, fattig og fanga i sykja etter å vilja ha meir og meir og aldri mindre enn meir.

Finst her teikn som tyder på at livet med Gud vert kjøvd på grunn av eit urimeleg stort forbruk, eit einsidig engasjement gjennom jordiske gjeremål og gedigen eigedom? Vert det lagt for lita vekt på den kristne dimensjonen i bygdene våre? Er du rik? Rik og rik, fru Blom!

# Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

Tusen takk til dei som har sendt eit bidrag til Hyrdingen på VIPPS eller bankgiro. Derfor kan vi gje ut 6 nr også i år.

Kyrkjene merkar også nedskjeringar med færre gudstenester i nokre av kyrkjene. I Vikebygd er reduksjonen 35%. Vil reduksjonen gjera at folk blir mindre vane med at søndagen er gudstenestedag? Kan det kan få utslag på frammøtet også i resterande gudstenester? Skjold, Vats og Vikebygd må i endå større grad kan tenkja saman om korleis folket her kan møtast på tvers av bygdegrensene. G17 gudstenester i Skjold vert felles for desse tre sokna. Kyrkjelydane må engasjera seg i å skapa møteplassar og fellesskap som inkluderer. Slik at dei som kjem frå nabobygda til gudsteneste ikkje kjenner seg som gjester, men som ein del av fellesskapet.

Vi har som kyrkjelyd eit ansvar for at guds ord vert ført vidare til neste generasjon. Før var søndagsskulen på plass i bedehusa. Slik er det ikkje alle stader nå. Andre former for barne- og ungdomsarbeid tek over. Nå må de ikkje trøytna, de som står i arbeidet. Foreldre og naboar, støtt opp om dei som er aktive i trusopplæringa. Spør om det er noko du kan hjelpe dei med.

Eit år vi laga vi til ein adventsfest for familiane i søndagsskulen og spurte om nokre foreldre kunne hjelpa til med mat. Responsen var god, og ei mor sa: Dokke treng ikkje tenkja på å vaska etterpå, for det kan eg ta meg av. Då er det godt å vera med i arbeidet. Tusen takk.

## Skifte av sokneprest for Skjold, Vikebygd og Vats

Søndag 25. nov. vert det invitert til gudsteneste i Skjold kyrkje kl. 11:00.

Dette er siste gudstenesta for Jon Ådnøy som her blir takka av. Ny sokneprest, Kristian Kyllingstad, vert innsett i tenesta. Prost Rune Steensnæs Engedal deltek. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.



Sokneprest Jon Ådnøy i Vats kyrkje.

## Litt færre gudstenester i Vats, Skjold og Vikebygd

Av Jon Ådnøy, sokneprest

**Alle skal framleis få Kyrkjeboka i si eiga kyrkje. Men det blir færre gudstenester med få deltakrar. Det er blir konsekvensen etter at biskopen har justert talet på kor mange gudstenester kvar av dei tre kyrkjene skal ha. Forordninga er tråd med forslaget fra sokneråda i Vats og Skjold/Vikebygd.**

Etter bispevisitasen i dei tre sokna i november 2017 gav biskopen sokna i lekse å tenkja gjennom kor mange gudstenester dei ønskjer å ha. Sokneråda konkluderte med at litt færre gudstenester kan vera klokt, så sant det blir færre på ettermiddagstid, når det ikkje er spesielle grunna til eit slikt tidspunkt. Tidlegare har det ofte vore gudstenester i Vikebygd og Vats på same søndagen, noko som har ført til mange gudstenester klokka 17.

Sokneråda meiner at alle kyrkjer framleis skal ha utdeling av Kyrkjeboka til 4-åringar, skattejakt for 1.-klassingar, konfirmasjon, Bibel til 5.-klassingar, lysmesse og gudsteneste julaftan og 17. mai. I gudstenesteforordninga er det fastsett at

Vats og Skjold skal veksle på å ha gudsteneste palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag, påskedag og pinsedag. Vats skal framleis ha nyttårsaftan. Vikebygd skal (som nå) ha gudsteneste påskedag. Biskopen strekar under at ein skal «halda dei nødvendige gudstenestene for at alle konfirmasjonsfølgjene får plass. Dette gjeld også ved konfirmasjons-gudstenester på laurdagar.»

I Skjold skal det årleg vera 25 gudstenester (27 ¾ i dag), i Vats 21 (28 ½ i dag), og i Vikebygd 10 (15 1/3 i dag). Forordninga held fram at G 17-gudstenestene er fellesgudstenester for dei tre sokna. Det har vore halde 6-7 slike årleg, og sokneråda tenker å halda fram slik.

Dei seinare åra har det ikkje vore uvanleg at dåpsfamiliar har kryssa grensa til nabobygda for å få døyp barnet sitt. Det er ei utvikling som kjennest heilt grei for ganske mange. Etter dagens forordning har Ølen cirka 28 gudstenester, Bjoa 15, og Imsland, Vikedal og Sandeid 21 kvar. Frå bispedømet er det kome signal om at alle sokn i Rogaland etter kvart blir bedne om å vurdera kor ofte dei ønskjer å ha gudstenester.



Oskar Feed omkransa av Torgeir Sørhus (leiari i FUT) og kateket Britt Karstensen. (Foto: Steinar Skartland)

# Trusopplæringsprisen i Vindafjord tildelt Oskar Feed

Av Kari Synnøve Velde Haugen

**Fellesutvalet for Trusopplæring i Vindafjord (FUT) hadde invitert alle aktive i kristent barne- og ungdomsarbeid og sokneråd i Vindafjord til inspirasjonssamling. Først på kvelden fekk me presentert ulike aktivitetar som går føre seg rundt i bygdene våre. Denne gongen hørde me om Mini-credo på Bjoa, Loftet i Vats og KRIK i Sandeid. I fjar fekk me på tilsvarende samling høyra om Klubben i Vikedal, Gutalaget i Vågen og Speidaren i Vikebygd. Det skjer mykje bra arbeid innan trusopplæring i bygdene våre kvar einaste veke, og målet med inspirasjonskvelden er å bli kjende, lære av kvarandre og støtte kvarandre i denne typen barne- og ungdomsarbeid.**

Nytt av i år er trusopplæringsprisen. Det er klart at mesteparten av dei aktivitetane me snakkar om her, krev eldsjeler som brenn for at born og unge skal få læra om Jesus og få ei trygg tru. Det er mange rundt i bygdene våre som held trufast på, år etter år, og som ein gjerne best legg merke til når dei ikkje lenger

kan gjera det dei «alltid» har gjort. I forkant av kvelden var det bedt om nominasjonar frå sokneråda, slik at ein kunne få kandidatar frå heile kommunen. FUT hadde så den vaniskelege jury-jobben, med mange gode kandidatar å velja mellom. Kriteria var t.d. lang fartstid, mykje omsorg, å sjå kvar enkelt, kunne leike og le samstundes som ein formidlar tru og håp, lærer borna bibelforteljingar og å be. Det er fantastisk at me har mange av dette slaget i kommunen vår!

Den klare vinnaren av prisen i år, vart Oskar Feed. Han har vore aktiv i trusopplæring heilt frå 1971, og i Ølensvåg sidan 1976. Han har vore ein raus og trygg person i bedehusmiljøet i Vågen i alle desse åra. Yngres har vore hans faste plass, og der er han framleis med. -At han har vore svært aktiv innan bedehusmiljøet, er det ingen tvil om. Oskar var Indremisjonen i Vågen han, fekk eg beskjed om, sa kateket Britt Karstensen, som saman med Torgeir Sørhus, leiaren i FUT, overrekte prisen. -Etter over 40 år er han ennå aktiv i arbeidet på bedehuset. Han er ikkje pensjonist ennå, -i Guds rike, sa Britt og ga han denne karakteristikken:

-Han er ein trygg person, han har stor omsorg og er flink til å sjå den enkelte. Han er ein leken person, likar å ha det kjekt og å ha aktivitar. Han har stor bibelkunnskap og ein heilt unik forteljarkunst. Når han lever seg inn i historiane som han fortel, er borna (og også dei vaksne) heilt med. Han var rektor på skulen i mange år, og det må jo vera eit godt teikn når ungane frivillig gjekk for å treffe på han på ettermiddagstid også!

Fokuset på borna har alltid vore viktig, og saman med diplom og blomar, var ein liten skulptur kalla «Bror og syster» sjølve trusopplæringsprisen. - Figuren kan minna om at det er mange brør og systrer som har blitt kjende med Oskar og som Oskar har fått fortalt om Jesus. Derfor syntes me det var ein figur som passa fint til deg, sa Britt i talen. - Dette vitnar om ein stor person som har gjort ein utruleg jobb i det aller viktigaste me kan gjera: Nettopp å formidla Guds kjærleik til ungane.

Ståande applaus frå dei som var til stades vitna om at dette var ein rett og verdig vinnar av "Trusopplæringsprisen 2018".



Familiegudsteneste i Vikebygd.

Av Steinar Skartland/Jolaug Kaldheim

Kvar haust inviterer kyrkjene 4-åringane til å koma i kyrkja. Mange stader ein tur på laurdagen og så å få delta i gudstenesta på søndagen der dei får utdelt Mi kyrkjebok.

I Vikebygd var det familiegudsteneste 23. september med utdeling av Mi kyrkjebok søndag.

Fullt i kyrkja og glade andlet på born og vaksne. Ei gudsteneste der også to born vart borne til dåpen.

30. september var det hausttakkegudsteneste i Imsland med utdeling av Mi Kyrkjebok. Dei av 4 åringane som hadde høve til å møta var: Ronja Aksland og mamman Ann Helen Olsen, Maren Haraldseid og Odin Imsland.



Imsland kyrkje.

## Barokk-musikk i kyrkjene

Av Kari Vik Stuhaug

**Gammal musikk har ei eiga evne til å hjelpe oss å senke skuldrene og puste med magen. To fredagar i november (kl. 19.00) vil Vindafjord Barokkensemble fylle kyrkjene i Vikedal (2. nov) og Ølen (9. nov) med musikk frå barokken og renessansen.**

I denne tidsperioden var skiljet mellom folkemusikk og såkalla kunstmusikk ikkje så stort. Folkesongar og dansemelodiar flaut ofte fritt mellom landsbytorg og fyrstepalass og komponistane tok ofte utgangspunkt i populære folkelege songar når dei skulle lage musikk.

Særleg gjeld dette musikken frå renessansen, rundt 1600-talet, som utgjer hovudtyngda av det som blir framført på konsertane i Vikedal og Ølen kyrkjer. - Som utøvarar opple-

ver vi musikken som ukomplisert og frisk og dette ønskjer vi å formidle til tilhørarane, seier Kjell Ravatn som er sentral i ensemblet.

Sokneråda har inngått avtale med Vindafjord Barokkensemble om to konserter i haust og fleire konserter dei komande åra. Støtte frå kulturmiddlar i bispedømmet gjer det mogeleg å halde ein låg billettpris (kr 100).

Vindafjord barokkensemble består av musikarar knytt til Vindafjord kulturskule som framfører musikk frå renessanse- og barokkperioden i kunst- og musikkhistoria. Dei som er med er Aleksandar Glisic, Venevil Birkelund, Einar Bakke, Anne Kristinne Andersen og Kjell Ravatn. Dessutan Miroslav Potfaj og Einar Halle frå Suldal.

Ensemblet blei starta som resultat av eit seminar i kulturskulen i fjar haust med musikaren Rastko Rok-



nic. Han er ekspert på tidleg musikk og er aktiv i ulike ensemble både i Sverige og Danmark. Inspirert av dette seminaret, bestemte deltakarane seg for å lage eit fast ensemble for å gjøre musikken frå denne tida meir kjent.

Alle er velkomne til å nyte vakker musikk i kyrkjene i november!

# Portrettet: Steinar Sørhus

Av Trygve Sandvik

**Kaffi og påsmurt julebrød** stod på bordet då Hyrdingen sin medarbeidar kom innom for å ta eit intervju med Steinar Sørhus i Blikrabygda i Øvre Vats. Steinar er ein godsleg, triveleg og humørfylt mann med mange jarn i elden. Han har ein bakgrunn og oppvekst som svært få av oss har opplevd. Han er barn av misjonærar, og han har eit varmt hjarta for misjonsarbeid.

## Barndom

Steinar er fødd i Paris i 1953, men han fekk dei første barneåra på Madagaskar. Foreldra hans er Sigurd Sørhus og Marta Maria Skrunes, begge frå Vats. Dei reiste ut som misjonærar hausten 1952. Etter eit halvår i Paris for å læra fransk, bar det rett til Madagaskar med båt og eit 3 mnd gammalt barn. Framme på Madagaskar var det å læra seg gassisk hjå eit norsk misjonærpar. Etter eit halvt år, var familien klar for teneste i Ivohibe på Sør-Madagaskar. Der hadde det ikkje vore misjonærar på 8-10 år.

Etteitt år der, flytta dei til Soatanana. Då dei fór med flyttelasset, fekk dei ei uvanleg gáve av kyrkelyden: Ein levande grisunge! Sidan bilen var fullpakka, vart grisen plassert mellom føtene til mor hans. Det var elles vanleg at dei fekk gáver i form av naturalia, så som høns, ender, kalkun, egg og ris. På Soatanana hadde han berre gassiske leikekameratar og vart ein kløppar i gassisk. I dag hugsar han berre enkelte ord og uttrykk på gassisk, men han kan ikkje føra ein samtale. Under opphaldet fekk han ei syster og ein bror.



I juni 1959 reiste familien heim til Norge. Dei budde i Stavanger i 2 år. Steinar gjekk 1. klasse på Ullandhaug skole. Steinar hugsa at då han kom til Noreg første gongen, ville han ikkje leggja seg om kvelden. Det var for lyst ute! På Madagaskar var han van med at det skifta fort over frå lys til mørke, ettersom landet ligg nær Ekuator.

Sommaren 1961 bar det på nytt attende til Madagaskar med båt rundt Vest-Afrika. Opphaldet denne gongen varte til 1964. Helseproblem gjorde at familien måtte avslutta misjonsoppdraget. I mellomtida hadde Steinar gått på den norske internatskulen i Antsirabe i 3 år.

Frå 1965 vart faren sokneprest i Fjelberg og Eid sokn med bustad i Sæbøvik. Steinar budde heime til han var ferdig med ungdomsskulen i 1969.

## Ungdom og utdanning

Som 16-åring måtte Steinar læra meir, og han tok seg eit år på Viken folkehøgskule i Gjøvik. Folkehøgskulemiljøet gav meirsmak, og året etter var Steinar å finna blant elevflokkene på andreårskurset på Framnes folkehøgskule. Baktanken her var at han tok sikte på å koma seg inn på 4-årig lærarskule; for det var lærar han ville verta.

Steinar ville koma seg noko vekk frå heimlege trakter. Difor sökte han på lærarskulen i Sogndal i Sogn. Her kom han seg gjennom opptaksprøva, og som 22-åring var han ferdig utdanna lærar.

## Heimlengsel, yrke og familie

Etter eit år med militærtjeneste i Bardufoss, stod Steinar klar for å ta fatt på læraroppgåva. Med så mykje farting rundt omkring i utland og innland, var det ein stad han alltid vende attende til. Det var til farsgarden på Sørhus. Foreldra hadde vakse opp i Vats. Dette var denne staden

dei reiste til når slekta skulle samlast, og det var denne plassen han fekk tidleg band til. Så frå 1976 vart det kombinasjon mellom gardsdrift og undervisning.

Soltveit skule på Eikanestranda vart den første arbeidsplassen. Her var han i to år, før skulen vart lagt ned. Deretter bar det til Øvre Vats skule, og her vart Steinar verande til også denne skulen vart lagt ned. I 2003 begynte han på Vats skule, og var der til han gjekk av med pensjon i 2016.

I 1982 gifta Steinar seg med Grete Skeie frå Sandeid, og dei fekk etter kvart 5 born; 3 jenter og 2 gutter. I tillegg er han bestefar til to barnebarn.

## Misjonsarven

Steinar har gode opplevelingar med å vera barn på Madagaskar. Han kjenner seg knyta til misjonen og til Madagaskar. To gonger har han vore attende på turar (i 2008 og 2012) til stadene der han vaks opp. Han har knyta mange nye kontaktar med gassarar og fleire har vore på besøk i Vindafjord. Alle borna hans har vore ein eller fleire gonger på Madagaskar. Det har vore ei stor glede for Steinar å få visa fram barndomslandet sitt.

## Interesser og engasjement

Rundt 1985 vart det starta opp med speidararbeid i Vats. Dei som stod bak var Tor Sørhus, Olav Velde og Steinar. I 13 år var Steinar aktivt med i speidararbeidet. Etter denne tid har han vore med når det var trong for ekstra hender. Han var også med å starta friluftsgudstenesta på Refsnes i 1986. Far hans hadde preika den gongen. Etter denne gongen har det vore friluftsgudstenesta kvart år på Refsnes. Steinar står for det praktiske opplegget på førehand og elles når det trengs. Og plassen på Refsnes har det aldri vore noko problem med å få nytta. Steinar er grunneigar!

Song og musikk har alltid vore ei stor interessa for Steinar. Å syngja i kor har vore gildt å vera med på, anten som barn på Madagaskar, på folkehøgskule, på lærarskulen eller her på Haugalandet. På lærarskulen var han med i skulelaget og var jamt med på turar rundt omkring i kyrkjer i indre Sogn. Gildast er det å syngja i kyrkjer, anten i kor eller i kyrkjebenken.

I 2006 vart «Kulturveka i Vats» starta. Steinar har vore med i komitéen frå starten, og arrangementet er i juni annakvart år. Med det gode humøret sitt skapar han glede og interesse.



I seinare år har han vore med i barne- og ungdomsarbeid på bedehuset på Kårhus; Loftet. Her var han ein av dei som starta opp arbeidet, og målgruppa er 5.-7. klassingar. Steinar er lett å få med seg når det er nokon som spør han, og han har teke på seg mange oppgåver. I tillegg til at han viser stort initiativ med å få til nye aktivitetar i bygdemiljøet.

Av dei mange oppgåver som Steinar har utført, må me ikkje gløyma at han også i si tid var redaktør i dette bladet i ein periode. Som medlem i soknerådet og leiar i Fellesrådet ein periode, vart han godt kjent med dei kyrklelege organa. Dette førte også med seg at han, i si tid som leiar i Vindafjord fellesråd, fekk oppnemnd orgelhemnda i Skjold, og følgde dette arbeidet heile tida til orgellet var på plass.

## Kyrkja

Kyrkja har ein særskilt plass i engasementet til Steinar. Bakrunnen for dette er nok minna frå barndomen på Madagaskar, der kyrkja var eit midtpunkt for familien. På jule- og nyttårsaftan kunne gudstenesta vara 3-4 timer. Utan at det vart sett på som unaturleg. Kyrkja har vore ei god stad å vera i, både på Madagaskar og i Norge.

Det skal vera høgt under taket og låg trøskel i kyrkja, meiner Steinar. Med det meiner han at kyrkja skal vera ein stad der alle skal kjenna seg velkomne. Her kan ein koma trass i skilnad; ulik bakgrunn, ulike erfaringar, ulike meininger og ulik politisk ståstad; med våre sigrar og våre nederlag; i glede og i sorg. I kyrkja skal ein få høve til å møta Gud og Jesus som ein er. Gjennom song og musikk; gjennom Guds ord og preike og bøn. Og ikkje minst gjennom dåp og nattverd.

Me lever i ei tid med mykje uro og splid i kyrkja. Det er ulike meininger om mangt og mykje. Kyrkja er ikkje eit meiningsfellesskap; ho er eit trusfellesskap. Då er det viktig å halda på det sentrale. At prestar har ulik syn på kven som kan leva i saman i eit parforhold, er i den store samanhengen, ikkje så viktig. Det som derimot er viktig, er bodskapen som vert forklynt. At ein trur på det som hende i påsken. At Jesus sigra over synda og oppstoda frå døden. Der finn ein kjerne i trua vår. Og der ligg vårt håp, avsluttar Steinar.



Gardsbesøk på Frønsdal gard.

## 3.klassingar på gardsbesøk

Av Britt Karstensen

**I september var det to gardar i distriktet som fekk besøk av kvar sin gjeng med flotte 3.klassingar som del av trusopplæringsarbeidet i Vindafjord. Haugen gard i Skjold var vertskap for born frå Vats og Skjold, medan Frønsdal gard i Ølensvåg tok imot ein god gjeng frå Ølen og Ølensvåg.**

Me er alle skapt til å vera ein del av det store fellesskapet, til å ta vare på kvarandre, dyra og skaparverket. Men som ein av 3.klassingane utbraut: «Me gjer i grunnen ein därleg jobb! Me øydelegg altfor mykje rundt oss! Me må passa betre på kloden vår!» Det gir håp for framtida med slike engasjerte 8-åringar!

På Frønsdal var det først og fremst hestane me fekk bli kjende med. Dei og er flokkdyr og treng leiarar, slik

som oss. Visste du forresten kvifor det heiter «føl»? Me fekk sjå kvifor – for det nydelege følet på Frønsdal følgde med mor si heile tida.

Etter me hadde møtt dyra, gjekk me tur. I regnet. Men me vestlendingar er tøffe! På veggen fekk me bruke sansane våre, kreativiteten vår, og me fekk hjelpe kvarandre. Me treffte også på ein fyr som heitte Bartimeus. Jesus hadde hjelpt han med å få synet igjen, sjølv om alle rundt han eigentleg berre kjefta på han fordi han ropte så følt. Jesus kan hjelpe oss også, me treng ikkje ropa ein gong. Me treng ikkje vera blinde heller. Jesus bryr seg om oss akkurat slik som me har det.

Etter rusleturen med ulike aktivitetar fekk me kosa oss innandørs med god mat. Me snakka litt og song litt. Og så kom foreldra og henta fornøgde ungar og våte kler.

Er du 2.klassing? Gled deg til neste år – då er det din tur!



# MIN SONG

Av Jahn Grønås

Eg var lenge i tvil om eg skulle vera frimodig nok til å skriva dette, men så fann eg ut at det kan hende var på tide at ein av dei som står på sida av dei som er «godtekne» av almogen tok seg fridomen å fortelja litt her i denne spalta?

## Og dette er mitt vitnemål:

Livet mitt vart ikkje slik Mormor ville. Eg vaks, rett nok, opp på Bedehuset Salem med «Yngstes», «Yngres» og «Ungdomslag», men vart sidan både «dissenter» og det som verre var i mange sine auge.

## Slik det vart:

Eg vart først – etter slik teologisk-utdaningsgreie på UiO, Ansgar og etter kvart andre utdaninger i tillegg (har me ADHD så like godt å nytta det) «landsevangelist» og pastor i Misjonsforbundet, arbeidde ein god del med det som heitte «karismatiske menigheter» på 80-90-talet. Eg stod til og med ovafore langt over fem til 10.000 menneske og fekk innbyda til frelse både i utland og innland. Det ser eg tilbake på med glede og den viktigaste tida i livet mitt!

Men: Det sa stopp! Heilt utbrend!  
No er eg snart ein gammal mann



med ein del helseproblem og dei seier me vert «visare» med åra? Jaja... Det kan vel diskuteras...

## MEN!

Eg har aldri vorte kvitt Jesus uansett kor mykje eg har prøvd! Og eg kan lova deg at eg har prøvd å ver ta kvitt masinga frå han!

Ein av dei første songane Mormor lærde meg var den som står på nr. 481 i «Sangboken» i den utgåva eg har, og Matias Orheim har ikkje alltid hatt like høg stjerne hjå meg gjennom mange år! Han er for personleg til det.

## DU!

Eg veit ikkje om du gidd lesa dette heilt ut. Men ein ting skal du om så er vita: Livet kan vera skikkeleg drit! Men: Du søkk ikkje med Jesus i båten! Det kan eg vitna! Jesus bryr seg! Du skal først og fremst tenkja

Å, er det vel ikkje ein underleg strid  
Eg strider som kristen i stormen si tid?  
Då går det rett ofte så underleg til,  
Og henda det kan det eg slett ikkje vil.

Når kjenslene blide vert svarte som natt,  
Og opprådd eg veit eg veit korkje fram eller att,  
Det synest som vona og trua er slutt,  
Og eg er så redd at eg held ikkje ut.

Neste verset kan du lesa sjølve. Det gjeld ikkje her....

Når Jesus seg gøymer, og bøna er stengd,  
Og harpa med klage på greina er hengd,  
Når livet er berre eit stormande hav,  
Og båten så liten – kor skal eg vel av?

Då hører i stormen eg Frelsarens ord,  
det var som hansov, men han er då ombord.  
Skal båten min søkkja må han fylgja med,  
Men aldri skal Jesus og eg søkkja ned.

på Jesus og det han gjorde for DEG  
då han døydde for DEG! Det einaste  
du treng å gjera er å sei frå at: «Jesus,  
kom inn i livet mitt no. Eg treng  
deg og di hjelpende hand.»

Resten, dette med «Gud», Heilaganden  
og slike ting kjem etter kvart  
så det kan du taka heilt med ro.

## Hugs på ein ting:

Skal båten DIN søkkja må han fylgja  
med. Men ALDRI skal Jesus og DU  
søkkja ned!

## Haustkonsert til inntekt for Arken (nytt bedehus/ soknehus)

Vindafjordhallen 3.november kl.  
19:00. Variert konsert med fleire  
forskjellige artistar: Randi Matre,  
Jone Bjerga, elevar frå kultursku-  
len, Olav og Berge Ohm, Einar  
Bakke og Elisabeth Gregersen.  
Torsdagsskulben stiller som hus-  
band og skal vera med dei fleste  
artistane.

## Vats pensjonistlag

Pensjonistmøte i kjellarstova på  
Vindafjordhallen. 30.okt. kl 17-  
19.30 Besøk av Reidar Håvås. 5.  
des. kl. 13-16. Julebord. Påmeld-  
ing. Kristian er med. Sang, drøs,  
åresalg, mat. Velkommen.

## Vindafjord Soul Children

Nytt kor for 5.-10.klasse for heile  
kommunen, starta opp i september  
på Kyrkjelunet i Ølen. Kontakt Lill-  
Inger for meir informasjon om du  
vil bli med.

## Temakveld på Stemnestaden

15. november kl. 19:00 v/ Gunnar  
Fagerli. Tema: «Sunn Åndelighet»  
Om den nødvendige brytinga  
mellom tru og liv. Musikkinnslag  
v/ Bergfrid Seipt. Heimebakst.  
Inngang kr 150,-. Arr.: Fermate  
Haugaland, Normisjon og Førresf-  
jorden menighet.

## Basar / Julemesse NMS på Vikedal Bedehus

Laurdag 10. November kl. 12 -17:30  
Misjons-info og bilete frå Madagaskar  
v/ Anne Marie Reimers.  
Song og musikk av Elisabeth Littleham-  
mar og Lars Olav Fjetland. Hygge og  
drøs. Loddsal og sal av handarbeid  
(Lokalt og frå Madagaskar). Kaker  
og kaffi/te/saft. Alle, store og små, er  
hjarteleg velkommen!

Arr.: NMS - Misjonsgruppe i Vikedal

## Adventsleir på Stemnestaden

Adventsleir 1: 23.-25. nov.: 2.-4.kl.  
Adventsleir 2: 7.-9. des.: 5.-7. kl.  
Det blir fortalt og sunge om Jesus,  
leika og spela ilag, laga julepynt og  
gåver. Leirane startar kl.18:00 fredag.

Pris: kr 1000,- for leirkubbmedlem.  
Kr 1200,- for ikkje-medlem. Du kan  
bli medlem ved påmelding.

Påmeld:

[www.normisjon.no/rogaland/leir/](http://www.normisjon.no/rogaland/leir/).  
Ved spørsmål ta kontakt med oss:  
Kjersti H. Bjerga, tlf.:938 33 150,  
e-mail: [kjersti.bjerga@normisjon.no](mailto:kjersti.bjerga@normisjon.no).  
Lina Fisk Eide, tlf.: 404 70 529,  
e-mail: [lina.fisk.eide@normisjon.no](mailto:lina.fisk.eide@normisjon.no)

## Leiarar på Brandøy (IMS)

- Dugnadshelg 26.-27. oktober
- Hausttreff 16.-18. november
- Ten-leir 31. november-2. desember
- Adventshelg 7.-9. desember

[Indremisjonssamskipnaden.no](http://Indremisjonssamskipnaden.no)

*Velkommen til  
Lundeneset*

**Hjemmefra, men ikke alene**

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

**LES MER PÅ LVS.NO**

LUNDENESET VGS  
Vi er en del av NLMVGS

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**Knaphus B i I**



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus Dekk & Bilverksted**



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank SR-BANK**



**joker**

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](http://www.olenserter.no)

Euro Florist Block Design

## STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro  
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

  
Arbeid og Inkludering



**Ølen Betong**

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

## FRÅ KYRKJEBOKA

Bjoa	Døpte	Vigde	Døde
<b>Imsland</b>	19.08.2018 Aksel Riska 19.08.2018 Sina Riska		02.10.18 Leiv Karl Tindeland f. 1943 27.09.2018 Jenny Hustveit f. 1918
<b>Ølen</b>	30.09.2018 Ivie Erichsen Østebøvik	08.09.2018 Marthe Øvrevik og Espen Strand Drange 15.09.2018 Janne Kristin Matre og Jan Harald Stople	17.09.18 Ole Jan Klungland f. 1952 23.09.18 Karen Nerheim f. 1927
<b>Skjold</b>			24.09.18 Ole Sigbjørn Langeland f. 1951
<b>Sandeid</b>	26.08.2018 Tiril Matre Helgevold 16.09.2018 Matheo Helgevold		
<b>Vats</b>	02.09.18 Cornelius Fosse 16.09.18 Sofie Bådsvik Rødde 16.09.18 Jakob Krakk		08.09.18 Lucas Lemnaru f. 2018 13.09.18 Magne Nordtveit f. 1929
<b>Vikedal</b>	23.09.18 Othilie Øverland Mørk	06.10.18 Stina Kvaløy og Sivert Krokedal	21.08.18 Kitty Margrethe Hansson f. 1927 02.09.18 Kristian Lygre f. 1987 02.10.18 Johannes Vetrhus f. 1939
<b>Vikebygd</b>	23.09.18 Tiril Gangstø Wiland 23.09.18 Lucas Christopher Alne Hendriks		20.09.18 Dominikus Nagel Bjordal f. 1933

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrkje	Tid	Informasjon	Preiketekst
28.10.2018	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Dåpsgudsteneste Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Luk 18,9-14
28.10.2018	Skjold kyrkje	17:00	Gudsteneste, G 17 Takkoffer: G 17 - arbeidet	Luk 18,9-14
28.10.2018	Eintveit		Familiegudsteneste på Eintveit, takkoffer til konfirmantarbeidet.	Luk 18,9-14
02.11.2018	Vikedal kyrkje	19:00	Konsert: Vindafjord Barokkensemble	
04.11.2018	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Helgemesse. Takkoffer: Norea mediemisjon	Matt 5,13-16
04.11.2018	Vikedal kyrkje	11:00	Høgmesse, Allehelgensgudsteneste. Me minnest dei døde siste året. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 5,13-16
04.11.2018	Ølen kyrkje	17:00	Gudsteneste, Helgemesse. Me minnest dei som har gått bort siste året i Ølen og Bjoa. Kyrkjekaffi. Takkoffer: Diakoniarbeidet	Matt 5,13-16
09.11.2018	Ølen kyrkje	19:00	Konsert: Vindafjord Barokkensemble	
11.11.2018	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Norsk kyrkje i utlandet	Matt 14,22-34
11.11.2018	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Speidararbeidet i Skjold	Matt 14,22-34
11.11.2018	Imsland kyrkje	16:00	Høgmesse, Takkoffer: Sambolabo	Matt 14,22-34
13.11.2018	Ølen kyrkje	19:30	Songkveld i kyrkja	
18.11.2018	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Den Norske Israelsmisjon	Joh 9,1-7.35b-38
18.11.2018	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 9,1-7.35b-38
18.11.2018	Sandeid kyrkje	16:00	Høgmesse, Takkoffer: Norsk Gideon Bibelmisjon	Joh 9,1-7.35b-38
25.11.2018	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp. Kyrkjelyden takkar av Jon Ådnøy som nå sluttar. Ny sokneprest Kristian Kyllingstad vert innsett. Prosten deltek.	Matt 25,1-13
25.11.2018	Vikedal kyrkje	11:00	Høgmesse, Takkoffer: Norsk Gideon Bibelmisjon	Matt 25,1-13
02.12.2018	Ølen kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, Nattverd. Takkoffer: Evangeliesenteret. Lys vaken for 5. klasse	Matt 21,10-17
02.12.2018	Bjoa kyrkje	17:00	Familiegudsteneste, Nattverd. Takkoffer: Evangeliesenteret Lys vaken for 5. klasse	Matt 21,10-17
02.12.2018	Vats kyrkje	17:00	Lysmesse, Takkoffer.	Matt 21,10-17
02.12.2018	Imsland kyrkje	17:00	Lysmesse, felles for Imsland, Vikedal og Sandeid Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Matt 21,10-17
09.12.2018	Sandeid kyrkje	11:00	Høgmesse. Takkoffer: kyrkjebladet Hyrdingen	Joh 16, 21-24
09.12.2018	Skjold kyrkje	19:00	Lysmesse, Takkoffer: Sjømannskyrkja	Joh 16, 21-24
09.12.2018	Vikebygd kyrkje	17:00	Lysmesse. Takkoffer: Norges KFUM speidere	Joh 16, 21-24

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

## Elieserhelg i Haraldseidvågen

Av Børge Løype

Også denne hausten kjem Betelskipet «Elieser 6» til Haraldseidvågen. Det vert frå og med laurdag 3. nov. til og med måndag 5. nov. Det startar med familiesamling på laurdagen kl. 16:00. Det vert ikkje møte på kvelden den dagen, men sundag og måndag er det møte kl. 19:00, som vanleg.

Det ville gledd oss mykje om også ungdomane ville finna vegen til Haraldseidvågen denne helga. Den beste måten å sikra seg at der er andre ungdomar, vil vera at du får med deg mange av venene dine !

### Familiesamling på båten i Haraldseidvågen

Laurdag den 3. november inviterer me særskild dei unge familiene til ei samling på Betelskipet «Elieser 6». Denne båten har vore i Haraldseid-



vågen mange gonger, og mange av oss kjenner han godt. Kanskje passer det betre for familiefolk å samlast på ein laurdag ettermiddag, medan det enno er lite grann dagslys. Difor har me flytta tidspunktet til kl. 16:00 (ikkje 19:00 som det står i den gule møteplanen). Me reknar med å vera ferdige med heile programmet til ca. kl. 18:00, så folk rekk heim til ei rimeleg tid.

Annonse:



Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

# MØTE OG ARRANGEMENT

## Kyrkjetunet i Ølen, kyrkjetunet.no

25.10. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
25.10. torsdag	19:00	Fellesforum
26.10. fredag	17:00	Barnekor
26.10. fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
26.10. fredag	19:30	Bøn og lovsang - Fellesskap på tvers
26.10. fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
27.10. lørdag	12:00	SoulChildren
28.10. søndag	16:00	Showlt
28.10. søndag	19:30	Møte - Den Indre Sjømannsmisjon
30.10. tirsdag	10:30	Kurs i Babysong (kjellar)
30.10. tirsdag	17:00	Utkast HalloVen 4.-7. klasse
31.10. onsdag	19:00	Alpha-kurs
1.11. torsdag	11:00	Torsdagstreff
1.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
2.11. fredag	18:00	Barnebasar NMS
6.11. tirsdag	10:30	Kurs i Babysong (kjellar)
7.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
8.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
9.11. fredag	17:00	Barnekor
9.11. fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
13.11. tirsdag	10:30	Kurs i Babysong (kjellar)
14.11. onsdag	19:00	Alpha-kurs
15.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
16.11. fredag	19:30	Bøn og lovsang - Fellesskap på tvers
21.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
22.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
23.11. fredag	17:00	Barnekor
23.11. fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
23.11. fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
25.11. søndag	16:00	Showlt
28.11. onsdag	19:00	Alpha-kurs
29.11. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
30.11. fredag	19:00	Jubileumsfest for Mannsforeninga
01.12. lørdag	16:00	Lys Vaken for 5. klasse
05.12. onsdag	19:30	Bønnemøte
06.12. torsdag	11:00	Torsdagstreff
06.12. torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt

## Innbjoa bedehus

25.10. torsdag	10:30	Formiddagstreff
31.10. onsdag	10:00	Bønnemøte
31.10. onsdag	16:30	Barnekor
31.10. onsdag	17:30	Mini-Credo
31.10. onsdag	19:30	Møte
7.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
7.11. onsdag	19:30	Møte Gideon
14.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
14.11. onsdag	16:30	Barnekor
14.11. onsdag	17:30	Mini-Credo
21.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
22.11. torsdag	10:30	Formiddagstreff
28.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
28.11. onsdag	16:30	Barnekor
28.11. onsdag	17:30	Mini-Credo
28.11. onsdag	19:30	Møte
30.11. fredag	18:00	Credo
2.12. søndag		Adventsamling
5.12. onsdag	10:00	

Dersom det blir endringer i programmet vil dette bli kunngjort med plakat eller på facebook.

## Bedehusa i Skjold

27.10. laurdag	12:00	Ersland: Bedehusbasar
30.10. tysdag		Ersland: Indre Sjømannsmisjon
01.11. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnakor
01.11. torsdag	19:30	Ersland: Bønnemøte
05.11. mandag	19:00	Ersland: Yngres
06.11. tysdag		Austrheim: Normisjon
13.11. tysdag		Isvik: NLM Misjonssamband
15.11. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnakor
15.11. torsdag	19:30	Ersland: Bønnemøte
16.11. fredag	19:00	Isvik: Misjonsmessa - Fest
17.11. laurdag	11:30	Isvik: Misjonsmessa
19.11. mandag	19:00	Ersland: Yngres
20.11. tysdag		Ersland: Samemisjonen
27.11. tysdag		Austrheim: NLM Misjonssamband
29.11. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnakor
29.11. torsdag	19:30	Ersland: Bønnemøte
30.11. fredag	18:30	Austrheim: Grautfest
03.12. mandag	19:00	Ersland: Yngres

## "60+ treff" i Skjold kyrkje

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønsker velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen.

29.11. torsdag 14:00-16:00 Sjå plakat

## Bedehusa i Vats

31.10. onsdag	19:30	Blikrabygda: NLM
7.11. onsdag	19:30	Kårhus: NMS
11.11. søndag	11:00	Kårhus: "Endeleg søndag"
14.11. onsdag	19:30	Øvre Vats: Gideon
16.+17.11.		Isvik bedehus: Fest og Messe, NMS
21.11. onsdag	19:30	Blikrabygda: Indre sjø.
28.11. onsdag	19:30	Kårhus: Muslim-misjonen
5.12. onsdag	19:00	Kyrkja: Adventsprogram
8.12. laurdag	12:00	Kårhus: Juleverkstad
9.12. søndag	11:00	Kårhus: "Endeleg søndag"

## Vikedal bedehus Normisjon, Indre Vindafjord

30.10. tysdag	19:30	Fellesskapskveld ved Kørner Høie.
20.11. tysdag	19:30	Fellesskapskveld ved Kørner Høie.

## Klubbkveldar i bedehuskjellaren i Vikedal

1.11. torsdag	18:00	5.-7. klasse.
	20:00	Ord for kvelden: Prest Bjarne Hjelvik
2.11. fredag	19:00	8.-10. klasse.
	23:00	Ord for kvelden: Prest Bjarne Hjelvik
15.11. torsdag	18:00	5.-7. klasse.
	20:00	Ord for kvelden: Anne M. Reimers
16.11. fredag	19:00	8.-10. klasse.
	23:00	Ord for kvelden.
29.11. torsdag	18:00	5.-7. klasse.
	20:00	Ord for kvelden: Soknepр. Harald Eintveit
30.11. fredag	19:00	8.-10. klasse.
	23:00	Ord for kvelden: Soknepр. Harald Eintveit

## Vikebygd bedehus

25.10. torsdag	19:00	Møte vedr. Ukrainainnsamlinga
11.8. torsdag	19:30	Møte med DISM
17.11. laurdag	12:00-14:00	Laurdagsgraut For desember: Sjå plakatar og på vikebygd.org

## Vennekoret - Vikebygd bedehus

Born i alderen 5 - 10 år, korøving kl. 17:00 - 18:00
Måndagane: 29.11.+5.11.+12.11.+19.11.+26.11.+3.12.

## Vågen bedehus - vaagenbedehus.no

28.10. søndag	11:00	Søndagsskule
28.10. søndag	19:30	Søndagsmøte, "Herreavdelingen" / KVH Talar: Birger Helland. Sang: Rolf og Bjørn Steinar Hauge
30.10. tirsdag	18:00	Yngres
30.10. tirsdag	19:00	Møte på Betelskipet M/S "Elieser 6", DISM
31.10. onsdag	19:00	Møte på Betelskipet M/S "Elieser 6", DISM (Ikke bønnemøte på bedehuset)
31.10. onsdag	20:00	Laget Gneisten, NKSS
3.11. lørdag	20:00	Loftet
4.11. søndag	11:00	Søndagsmøte, "Tryfena" Taler: Per Ølfarnes
6.11. tirsdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
7.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
11.11. søndag	11:00	Søndagsskule
11.11. søndag	19:30	Søndagsmøte, DISM Talar: Georg Kallevåg
13.11. tirsdag	18:00	Yngres
14.11. onsdag	19:30	Samtalemøte om bedehusforsamling
14.11. onsdag	20:00	Laget Gneisten, NKSS
17.11. lørdag	20:00	Loftet
18.11. søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM Talar: Håvard Brekkå
20.11. tirsdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
21.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
24.11. lørdag	11:00	Julemess
25.11. søndag	11:00	Søndagsskule
27.11. tirsdag	18:00	Yngres
28.11. onsdag	19:30	Møte, IMS Talar: Tor Inge Lauvrak
28.11. onsdag	19:30	Laget Gneisten, NKSS Deltak i møtet med IMS
29.11. torsdag	19:30	Møte, IMS Talar: Tor Inge Lauvrak
30.11. fredag	19:30	Møte, IMS Talar: Tor Inge Lauvrak
1.12. lørdag	18:00	Generasjonssamling, IMS Talar: Tor Inge Lauvrak
1.12. lørdag	20:00	Loftet
2.12. søndag	19:30	Søndagsmøte, IMS Talar: Tor Inge Lauvrak
4.12. tirsdag	17:30	Jentelaget og guttelaget
5.12. onsdag	19:30	Bønnemøte
9.12. søndag	11:00	Søndagsskule
9.12. søndag	16:30	Familiemøte, NLM Kaffi kl 16.

## Sandeid bedehus

7.11. onsdag	18:30	Basar
19.11. mandag	19:30	Fellessamling

# Misjonsstafetten

Av Ingerid Aadland

**- I Ølen er starta ei ny kvinneforeining for NMS, som er kalla: «Den gode del». Dette skal vere ei støtteforeining for dei andre NMS-foreiningane, fortel Ingerid Aadland og inviterer til basar 2. november. Ho har skrive fylgjande informasjon:**

For snart 2000 år sidan la Jesus stafettpinnen i hendene på disiplane sine : «Gå ut i all verda og gjer alle menneske til læresveinar...»

Disiplane gjekk, og Jesus heldt løftet sitt og var med dei. Underet skjedde, Ordet slo rot og Guds rike vaks fram. Stafettpinnen blei gitt vidare til nye generasjonar, men Jesus var den same. Han gjekk med og ga vekst.

I stafett er vekslingane ein kritisk fase i løpet. Den som har pinnen må vere sikker på at han gir han vidare på ein god måte, så den som skal overta får eit godt grep om stafettinnen.

I Ølen har me starta ei ny kvinneforeining for NMS, (Det norske misjonsselskap), som me har kalla

«Den gode del». Me tenkte at me skulle vere ei støtteforeining for dei andre NMS-foreiningane. Me ynskjer å vere med i denne «misjonsstafetten» som skal gå «så lenge verda står», som Jesus sa. Framleis er det folk der ute som ikkje er nådde med evangeliet om Guds kjærleik og nåde, men det som også uroar oss, er at det er fleire og fleire her heime som treng å høre dette. Ikkje minst gjeld det borna og dei unge.

Kven skal ta «misjonsstafetten» vidare i våre bygder? Maktar me å gje pinnen vidare på ein god måte?

Me vil ikkje sjå oss motlause på alt som skulle vore gjort. Me vil prøve å gjere noko!

Fredag 2.nov. kl.18.00 vil me difor invitere alle som vil, frå heile Vindafjord, til «Barne- og familiebasar» for NMS på Kyrkjeturten i Ølen. Me har invitert misjonær Anne Marie Reimers frå Vikedal til å fortelje om skulearbeidet ho har starta, og driv på Madagaskar.

«Born hjelper born» vil me skrive som undertittel på plakatane. Me vil prøve å skape eit engasjement for misjon og solidaritet. Men aller mest for han som er «Hausten sin Herre».



Misionær Anne Marie Reimers.

Vil du vere med på dette? Har du gode idear, gevinstar til åresal og lynlotteri, eller noko til kakebordet, som må vere stort og innhaldsrikt på ein skikkeleg basar, så ta kontakt med nokon i foreininga vår eller til underteikna.

For foreininga «Den gode del»,  
Ingerid Aadland (tlf. 41 21 10 63)

## 12 HOURS FESTIVAL

### VINDAFJORD

-blir arrangert for første gang og er for deg som går i **6.-8. klasse**  
Er du klar for 12 timer med fart, festival, musikk, andakt, aktivitetar, hoppeslott og moro?

Håpar me ser deg

\* **Laurdag 10. november**

\* **Ølensvåg bygdasenter**

Sjekk heimesida:

[www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no)  
for info og påmelding



## Søndagsskulen inviterer til: JUL PÅ GARDEN

Laurdag 24. nov. kl. 12-15 er små og store velkommen til førjulslaurdag med dyr, traktorar, juleverkstad og søndagsskulesamling i Skjold. Mat. Inngangspengar.  
Adr.: Nedre Austreimsvegen 80  
(Nær Knapphus. Skilta på E134)

Arr.: Søndagsskolen

Karmsund-Sunnhordland krins  
i smb m. fam Stople & Haugen

## Søndagsskule VINDAFJORDTUNET

Søndag 28. okt. kl.11.00 vert det søndagsskule på Vindafjordtunet. Det blir ein «vanleg» søndagsskule, i tillegg deltek barnekoret Soul Kids. Me håpar at mange av dei som bur på Vindafjordtunet blir med. Me syng songar som er kjende for både store og små. Andakt v.Britt Karstensen.

Søndagsskulen set pris på å få koma ein gong i halvåret. Me trur både borna og dei eldre får ei fin stund i lag. Vel møtt!

Helsing søndagsskulen i Vats

**Andaktstelefonen**  
**380 91 700**  
Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

## Korleis har du det... EIGENTLEG?

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
Kirkens SOS  
22 40 00 40  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 6. desember.  
Frist for levering av stoff er  
10. november.